



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

Noregs Forskingsråd  
Postboks 564  
1327 LYSAKER  
Noreg

14/8259

29.01.2015

### Tildelingsbrev for 2015

Utanriksdepartementet vil i 2015 overføre til saman 107 202 500 kroner til Noregs Forskingsråd som støtte til aktivitetar omtalt i dette brevet med vedlegg. Utanom dette kjem tilskot frå Norad og ambassadane i New Delhi og Pretoria. Norad sender eige brev om sine tilskot. Utanriksdepartementet overtek frå og med 2015 ansvaret for støtta til India-programmet, Kina-programmet og Latin-Amerika-programmet frå Norad, og desse aktivitetane er derfor omtalte i dette brevet.

Midlane skal disponerast i samsvar med Prop. 1 S (2014-2015) for Utanriksdepartementet, finanskomiteens og utanriks- og forsvarskomiteens innstillingar om denne og Stortingets vedtak, forutan i tråd med Kunnskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til Forskingsrådet for 2015 og regelverket Forskingsrådet er underlagt.

Utover det som er omtalt i dette brevet stiller departementet gjennom Financial Mechanism Office (FMO) i Brussel midlar til rådvelde for Forskingsrådet for gjennomføring av bilaterale program om forskningssamarbeid finansiert av EØS-midlar. Forskingsrådet er programpartner (Donor Programme Partner) for norsk forskningssamarbeid med Estland, Latvia, Polen, Romania, Den tsjekkiske republikken og Ungarn fram til programavslutninga i 2017. Forskingsrådets rolle og oppgåver som programpartner framgår av Rammeavtalen mellom FMO og Forskingsrådet.

Fordeling av departementets tildeling i 2015 på ulike tiltak og budsjettpostar framgår av vedlegg 1. Våre nærare retningslinjer for forvaltninga av midlane framgår av vedlegg 2.

Departementet tek sikte på å overføra midlane samla i to omgangar omkring 1. mai og 1. oktober, på grunnlag av mottak av Forskingsrådets årsrapport for 2014 og avviksrapport for første halvår 2015. Utover dette ønskjer departementet særskilt rapportering om tildelingane til Petrosam2, i tråd med vedlegg 2, punkt 4. Det kan bli aktuelt at Forskingsrådet overfører midlar frå same budsjettpost frå eitt tiltak til eit anna, men dette må skje i forståing med departementet.

Departementet har frå og med 2015 slått saman tilskotsordningane Arktisk samarbeid og Barents 2020 til ei tilskotsordning – Arktis 2030. Tiltak som til nå har motteke støtte frå Barents 2020 eller Arktisk samarbeid vil nå motta støtte frå Arktis 2030.

Når det gjeld mål- og resultatstyring, viser departementet til Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev og til måla for dei einsskilte aktivitetane omtalt i vedlegga til dette brevet.

Siste styringsmøte mellom departementet og Forskingsrådet fann stad 3. desember 2014 i UD. Departementet ser fram til nye styringsmøte i mai/juni i Forskingsrådet og i desember 2015 hjå oss.

Med vennleg helsing

Christian Syse  
assist. utanriksråd

Tore Nedrebø  
fagdirektør for forskning

Kopi til:

Kunnskapsdepartementet

Vedlegg:

1. Fordeling av UD's tildeling til Noregs Forskingsråd for 2015 på tiltak og kapittel/postar.
2. Nærare retningsliner for støtta.

## Vedlegg 1: Fordeling av UD's tildeling til Noregs forskingsråd for 2015 på aktivitetar

Aktivitet, periode, referansar	Budsjett kap.post	Fleirårig ramme <sup>1</sup>	Tildeling 2015
Forsknings- og kompetansesenter for petroleumsverksemd i nordområda og Arktis, 2013-2018 (UD-ref. NOR-13/0019), jf. pkt. 1 i vedlegg 2.	118.70	25 000 000	5 000 000
Program for Russland og Nordområda/Arktis (Norruss), jf. pkt 2 i vedlegg 2:			
<ul style="list-style-type: none"> <li>Asias rolle i nordområda, 2011-2016 (UD-ref. QZA-11/0723) jf. pkt. 2.1 i vedlegg 2.</li> </ul>	118.70	15 000 000	1 750 000
<ul style="list-style-type: none"> <li>Russland og nordområda, 2011-2016 (UD-ref. QZA-11/1046) jf. pkt. 2.2 i vedlegg 2.</li> </ul>	118.70	45 000 000	2 750 000
<ul style="list-style-type: none"> <li>Russlandsforskning, 2012-2016 (UD-ref. RUS-11/0035) jf. pkt. 2.3 i vedlegg 2.</li> </ul>	118.70	45 000 000	9 000 000
Gjennomføring av intensjonsavtale (MoU) mellom Noreg og Storbritannia av 30.11.2011 (UD-ref. RER-12/0066), jf. pkt. 3 i vedlegg 2:			
<ul style="list-style-type: none"> <li>Prosjekt om krill og økosystem i Sørishavet, 2013-2016, jf.pkt 3.1 i vedlegg 2.</li> </ul>	118.70	12 000 000	1 800 000
<ul style="list-style-type: none"> <li>Styrking av internasjonalt polarforskingssamarbeid, 2013-2015, jf. pkt 3.2 i vedlegg 2</li> </ul>	118.70	15 387 500	5 387 500 <sup>2</sup>
Program for samfunnsvitskapleg forskning knytt til petroleumssektoren (Petrosam 2), 2013-2018 (UD-ref. NOR-13/0111), jf. pkt. 4 i vedlegg 2	118.70	15 000 000	2 500 000
Oppfølging av HAV 21, 2013-2016 (UD-ref. NOR-13/0110), jf. pkt. 5 i vedlegg 2	118.70	30 000 000	6 000 000
Europa i endring, 2013-2017 (UD-ref. NOR-13/0018), jfr. pkt. 6 i vedlegg 2	100.71	25 860 000	5 715 000
Forskning om humanitær politikk, 2011-2015 (UD-ref. QZA-11/0700), jf. pkt. 7 i vedlegg 2.	163.71	40 000 000	7 300 000
India-programmet, 2010-2019 (UD-ref IND-10/0027), jf pkt. 8 i vedlegg 2	165.70	200 000 000	20 000 000
Kina-programmet, 2009-2017 (UD-ref CHN-09/020), jf pkt. 9 i vedlegg 2	165.70	180 000 000	20 000 000
Latin-Amerika-programmet, 2009-2017 (UD-ref GLO-09/348), jf pkt. 10 i vedlegg 2	165.70	165 000 000	20 000 000
Til saman			107 202 500

<sup>1</sup> Med atterhald om Stortingets løyving

<sup>2</sup> Førebels sum som skal avklarast i dialogmøte mellom Forskningsrådet og Utanriksdepartementet

## Vedlegg 2: Nærare retningslinjer for støtta

### 1. Forskings- og kompetansesenter for petroleumsverksemd i nordområda og Arktis

Det er oppretta eit senter for forskning om utfordringar for petroleumsverksemd i arktiske strøk. Senteret vart utlyst av Noregs forskingsråd som eit kompetanseprosjekt for næringslivet og tildelt UiT – Noregs arktiske universitet i 2013 under namnet Research Centre for Arctic Petroleum Exploration (ARCEX). Formålet er å byggja opp eit forskingsmiljø av høg kvalitet som er relevant for oljenæringa i nord og i arktiske strøk, i samsvar med utlysing vedtatt av Forskingsrådets divisjonsstyre for energi, ressursar og miljø (sak 73/12) og publisert 6. november 2012 på Forskingsrådets heimesider.

Senteret skal vera tidsavgrensa, med ei varigheit på maksimalt fem pluss tre år. Noregs forskingsråd vil evaluera senteret i 2017. Evalueringa vil danna grunnlag for vurdering om Utanriksdepartementets tildeling skal vidareførast for ytterligere tre år. Senteret er ei oppfølging av strategisk prioritering nr. 10, «Regjeringa vil legge til rette for en forsvarlig utnyttelse av petroleumsressursene i nord», i Meld. St. 7 (2011-2012), *Nordområdene – visjon og virkemidler*. Senteret vert finansiert med like bidrag frå Olje- og energidepartementet og Utanriksdepartementet.

Tiltaket mottok i 2013 og 2014 støtte frå tilskotsordninga Barents 2020. Frå og med 2015 kjem midlane frå tilskotsordninga Arktis 2030.

Ein legg opp til følgjande fordeling dei fem første åra:

2013: 2 500 000 kroner (overført)

2014: 5 000 000 kroner (overført)

**2015: 5 000 000 kroner**

2016: 5 000 000 kroner

2017: 5 000 000 kroner

2018: 2 500 000 kroner.

### 2. Program for Russland og Nordområda/Arktis

#### 2.1 *Asias rolle i Nordområda*

Aktiviteten, som byggjer på ein avtale mellom UD og Forskingsrådet inngått i 2011, er knytt til forskingsprogrammet Norruss og strekker seg fram til 2016. Føremålet er å skaffa betre oversikt over aktørar i Asia som viser interesse for Nordområda. Fokus skal vera på utanrikspolitiske spørsmål og samfunnsfag, men andre fagområde kan også vere aktuelle. Mål for aktiviteten utover dette er:

- Større kunnskap om utenrikspolitiske aspekt av Asias interesse for Nordområda;
- Å styrka norske forskingsmiljø på dette området;

- Å auka samarbeidet mellom norske- og asiatiske forskningsmiljø på dette området;
- Å nytta det auka forskningssamarbeidet til å utvida kontakten og policy-dialogen mellom norske og asiatiske lands styresmakter.

Tiltaket mottok i perioden 2011-2014 støtte frå tilskotsordninga Barents 2020. Frå og med 2015 kjem midlane frå tilskotsordninga Arktis 2030.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2011: 5 000 000 kroner (overført)

2012: 0 kroner

2013: 1 750 000 kroner (overført)

2014: 4 750 000 kroner (overført)

**2015: 1 750 000 kroner**

2016: 1 750 000 kroner.

## 2.2 *Russland og nordområda*

Aktiviteten, som byggjer på ein avtale mellom UD og Forskringsrådet inngått i 2011, er del av forskingsprogrammet Norruss og strekkjer seg fram til 2016. Målet med aktiviteten er å utvikla langsiktig og strategisk kompetanse i Noreg gjennom nettverksbygging med internasjonale forskningsmiljø på nordområderelevante problemstillingar som ikkje i tilstrekkeleg grad blir dekkja av anna forskning, og som er relevant for norske interesser.

Tiltaket mottok i perioden 2011-2014 støtte frå tilskotsordninga Barents 2020. Frå og med 2015 kjem midlane frå tilskotsordninga Arktis 2030.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2011: 15 000 000 kroner (overført)

2012: 15 000 000 kroner (overført)

2013: 8 500 000 kroner (overført)

2014: 3 750 000 kroner (overført)

**2015: 2 750 000 kroner**

2016: 1 000 000 kroner.

## 2.3 *Russlandsforskning*

Aktiviteten, som byggjer på ein avtale mellom UD og Forskringsrådet frå 2012, er del av forskingsprogrammet Norruss og strekkjer seg fram til 2016. Midlane kjem frå UD's tilskotsordning «Prosjektsamarbeid med Russland».

Formålet er å utvikla langsiktig og strategisk kompetanse i Noreg innan humanistisk og samfunnsvitenskapleg russlandsforskning. Aktiviteten skal:

- Gje kunnskap om den politiske, økonomiske og sosiale utviklinga i dagens Russland;
- Gje kunnskap om korleis politiske, økonomiske og sosiale faktorar påverkar russisk politikk og og russiske styresmakter;
- Omfatta heile Russland.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2012: 9 000 000 kroner (overført)

2013: 9 000 000 kroner (overført)

2014: 9 000 000 kroner (overført)

**2015: 9 000 000 kroner**

2016: 9 000 000 kroner.

### 3. Gjennomføring av intensjonsavtale (MoU) mellom Noreg og Storbritannia

#### 3.1 *Prosjekt om krill og økosystem i Sørishavet*

Prosjektet byggjer på ein intensjonsavtale mellom Noreg og Storbritannia frå 2011 og føreset eit samarbeid mellom The British Antarctic Survey, Norsk Polarinstitutt, Havforskningsinstituttet og andre relevante forskingsinstitusjonar i Noreg og Storbritannia. Måla for prosjektet er:

- Å vareta Noregs rolle som polarnasjon;
- Å styrka norsk-britisk forskningssamarbeid;
- Årleg overvaking av krillens utbreiing og volum («annual monitoring of krill distribution and abundance»);
- Langsiktig observasjon av krillvolum og ytre miljø («sustained long-term observation of krill abundance and physical environment»);
- Å skaffa kunnskap om predatorars tyding for utbreiing av krill og krillfiske («predator foraging footprints in relation to krill and fishery distribution»);
- Å skaffa kunnskap om samspelet mellom krill og predator («krill-predator interaction»);
- Rekruttering av yngre forskarar.

Tiltaket mottok i 2013 og 2014 støtte frå tilskotsordninga Arktisk samarbeid. Frå og med 2015 kjem midlane frå tilskotsordninga Arktis 2030.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2013: 4 600 000 kroner (overført)

2014: 3 800 000 kroner (overført)

**2015: 1 800 000 kroner**

2016: 1 800 000 kroner.

### 3.2 Styrking av internasjonalt polarforskingssamarbeid

Utanriksdepartementet ønskjer å styrka det internasjonale polarforskingssamarbeidet. Internasjonalt samarbeid innan polarforsking er viktig for å møte globale utfordringar innan klima og miljø, å auka kvaliteten og kapasiteten i norsk forsking, å sikra Noreg tilgang til internasjonal kunnskapsproduksjon og å fremja Noreg som leiande forskingsnasjon innan polarforsking. Måla for aktiviteten er:

- Å styrka det internasjonale forskingssamarbeidet i polare område;
- Finansiering hovudsakleg av forskingsprosjekt i tråd med prioriteringar utarbeidde etter ein workshop om saka i 2013;
- Å gjennomføra målsetjingane for polarforsking i intensjonsavtalen som vart inngått mellom Noreg og Storbritannia 30. november 2011;
- Dette arbeidet skal medverka til å følgja opp prioriteringar gitt i Forskningsrådets policy for polarforsking, jf. [http://www.forskningsradet.no/prognett-polarforsking/Sentrale dokumenter/1231229969404](http://www.forskningsradet.no/prognett-polarforsking/Sentrale_dokumenter/1231229969404).

Det er så langt ikkje lyst ut midlar i samsvar med intensjonsavtalen mellom Noreg og Storbritannia på bakgrunn av uavklarte spørsmål knytt til finansiering. Departementet ber om eit dialogmøte med Forskningsrådet om saka, der tildelinga for 2015 vert avklart.

Tiltaket mottok i 2013 og 2014 støtte frå tilskotsordninga Arktisk samarbeid. Frå og med 2015 kjem midlane frå tilskotsordninga Arktis 2030.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2013: 3 500 000 kroner (overført)

2014: 6 500 000 kroner (overført)

**2015: 5 387 500 kroner (kan bli endra etter møtet nemnt over).**

### 4. Samfunnsvitskapeleg forsking knytt til petroleumssektoren (Petrosam2)

Formålet med Petrosam2 er å vidareutvikla kompetanse om samfunnsmessige forhold som er relevante for norske styresmakter og næringsliv sin strategi og politikk i petroleumssektoren. Programmet har to strategiske perspektiv. Det første fokuserer på forvaltning av petroleumsressursane på norsk sokkel. Det andre er retta mot nordområda/Arktis og kunnskap om utviklinga innan energirelaterte tema i Russland, inkludert dei russiske nordområda. Programmet medverkar til å følgja opp ei rekke av målsetjingane i Meld. St. 7 (2011-2012) *Nordområdene – visjon og virkemidler*, som strategisk prioritering nr. 1: «Norge skal være ledende på kunnskap om, for og i nordområdene», og nr. 10: «Regjeringen vil legge til rette for en forsvarlig utnyttelse av petroleumsressursene i nord».

Petrosam2 følger òg opp fleire av satsingsområda for tilskotsordninga Barents 2020, inkludert målsetjinga om å medverka til å oppretta arenaer for samarbeid mellom norske og utanlandske kompetansmiljø på nordområderelevante fagfelt (Prop. 1 S (2012-2013)). Prosjekt som får støtte over skal vera nordområderelevante og tildelinga skal fungera som såkornmidlar. Departementet ber om å bli halde orientert om prosjekta som får midlar frå Arktis 2030 og ønskjer samarbeid om profilering av resultatata frå prosjekta.

Inntil 3,5 % av tildelinga kan brukast til administrasjon av programmet i Noregs forskingsråd. Forskingsrådet skal spesifisera eigne administrative kostnader i rapporteringa til departementet.

Tiltaket mottok i 2013 og 2014 støtte frå tilskotsordninga Barents 2020. Frå og med 2015 kjem midlane frå tilskotsordninga Arktis 2030.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2013: 2 500 000 kroner (overført)

2014: 2 500 000 kroner (overført)

**2015: 2 500 000 kroner**

2016: 2 500 000 kroner

2017: 2 500 000 kroner

2018: 2 500 000 kroner.

## **5. Oppfølging av HAV 21**

Regjeringas forskingstrategi HAV 21 følgjer på fleire område opp målsetjingane i Meld. St. 7 (2011-12) *Nordområdene – visjon og virkemidler*. Dette gjeld mellom anna forvaltning av miljø og naturressursar, kunnskap om økosystemet, og berekraftig fiskeri- og havbruksnæring i nord. Som støtte til konkrete prosjekt innanfor disse temaområda i HAV 21, stilte Utanriksdepartementet i 2013 30 000 000 kroner til rådvelde for perioden 2013-2016. Frå og med 2015 vil det verta overført midlar frå tilskotsordninga Arktis 2030.

I 2013 gjekk midlane til prosjekt under programmet Havet og kysten. I 2014 gjennomførte Forskingsrådet ei felles utlysing av midlar mellom programma Havet og kysten, Klimaprogrammet, Polarprogrammet og Miljø 2015.

Prosjekt som får støtte over skal vera nordområderelevante og tildelinga skal fungera som såkornmidlar. Det er difor særleg interessant å støtta prosjekt som utløyser midlar eller innsats frå andre og/eller opnar nytt samarbeid mellom norske og utanlandske aktørar.

Departementet ber om å bli halde orientert om prosjekta som får midlar frå Arktis 2030 og ønskjer å samarbeida om profilering av resultatata frå prosjekta.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2013: 10 000 000 kroner (overført)



2014: 10 000 000 kroner (overført)

**2015: 6 000 000 kroner**

2016: 4 000 000 kroner.

## **6. Europa i endring 2013-2017**

Utanriksdepartementet ønsker med si støtte til Forskningsrådets program Europa i endring å fremja europarelatert forskning av høg kvalitet som gir ny innsikt og styrkar kunnskapsgrunnlaget for politisk handling. Kriteria for tildelinga er nærare presisert i utlysningstekstane frå 2012 og 2013, som baserer seg på dokumentet «Fagleg og tematisk grunnlag». Tildeling av prosjekt skjer på grunnlag av søknadar som vert vurderte av internasjonale ekspertar. Styringsgruppa for Europa i endring innstiller til divisjonsstyret for vitskap for endeleg vedtak. Utanriksdepartementet deltar med ein observatør i styringsgruppa.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar som inkluderer to tildelingar, ei for 2013-2017 (avtalt 2012) på 15 000 000 kroner og ei for 2014-2017 (avtalt 2013) på 10 860 000 kroner:

2013: 3 000 000 kroner (overført)

2014: 5 715 000 kroner (overført)

**2015: 5 715 000 kroner**

2016: 5 715 000 kroner

2017: 5 715 000 kroner.

## **7. Forsking om humanitær politikk**

Aktiviteten byggjer på ein avtale mellom UD og Forskningsrådet frå 2012 og inngår under rammeprogrammet Norglobal som aktiviteten «forskning om humanitær politikk» (Research on Humanitarian Policy – Humpol). Formålet er å utvikla ny kunnskap, heva kompetansen i norske forskingsmiljø og gjennom dette påverka den internasjonale humanitærpolitiske agendaen. Aktiviteten skal føra til publisering av artiklar i internasjonalt anerkjente tidsskrift; utarbeiding av policy briefs og fakta-ark til Utanriksdepartementet og offentleg opplysning på grunnlag av ein kommunikasjonsstrategi.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2012: 7 100 000 kroner (overført)

2013: 13 600 000 kroner (overført)

2014: 10 800 000 kroner (overført)

**2015: 7 300 000 kroner**

2016: 1 200 000 kroner.

## 8. India-programmet

India-programmet (Indnor) byggjer på ein avtale mellom Norad og Forskingsrådet frå 2010 og er ein del av rammeprogrammet Norglobal. Utanriksdepartementet overtek frå 2015 ansvaret for denne aktiviteten frå Norad. Programmet er planlagt å strekka seg fram til og med 2019, men vidareføring etter 2015 kjem an på resultatane av den planlagte evalueringa av programmet i år.

Hovudformålet er å fremja norsk forskning på India og forskingssamarbeid mellom Noreg og India i tråd med Regjeringas India-strategi frå 2009. Dette betyr satsing på forskning og forskingssamarbeid om klima-, miljø og energispørsmål, om økonomiske spørsmål så vel som om generelle samfunnsspørsmål. Indnor skal også medverka til ei sterkare kunnskapsbasering av samarbeidet med India.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2010:	20 000 000 kroner (overført)
2011:	20 000 000 kroner (overført)
2012:	20 000 000 kroner (overført)
2013:	20 000 000 kroner (overført)
2014:	20 000 000 kroner (overført)
<b>2015:</b>	<b>20 000 000 kroner</b>
2016:	20 000 000 kroner
2017:	20 000 000 kroner
2018:	20 000 000 kroner
2019:	20 000 000 kroner.

## 9. Kina-programmet

Kina-programmet (Chinor) byggjer på ein avtale mellom Norad og Forskingsrådet frå 2008 og er ein del av rammeprogrammet Norglobal. Utanriksdepartementet overtek frå 2015 ansvaret for denne aktiviteten frå Norad. Programmet er planlagt å strekka seg fram til og med 2017. Programmet skal styrka kinesisk forskning og gje auka kunnskap om Kina i Noreg når det gjeld utvikling og fattigdomsreduksjon. Prioriterte tema er klima, miljø, klimateknologi og velferd. Søknader skal utviklast i fellesskap mellom norske forskarar og samarbeidspartnarar i Kina. Det er ønskeleg at også andre departement støttar programmet.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2009:	20 000 000 kroner (overført)
2010:	20 000 000 kroner (overført)
2011:	20 000 000 kroner (overført)

2012:	20 000 000 kroner (overført)
2013:	20 000 000 kroner (overført)
2014:	20 000 000 kroner (overført)
<b>2015:</b>	<b>20 000 000 kroner</b>
2016:	20 000 000 kroner
2017:	20 000 000 kroner.

## 10. Latin-Amerika-programmet

Latin-Amerika-programmet (Latinamerika) byggjer på ein avtale mellom Norad og Forskningsrådet frå 2008 og er ein del av rammeprogrammet Norglobal. Utanriksdepartementet overtek frå 2015 ansvaret for programmet frå Norad. Programmet er planlagt å strekkja seg fram til og med 2017.

Formålet er å heva kompetansen om Latin-Amerika i Noreg gjennom å styrka samarbeidet mellom norske og latinamerikanske forskingsmiljø. Programmet skal også medverka til gjennomføring av Regjeringas Brasil-strategi frå 2011. Det skal støtta forskingsprosjekt relatert til latinamerikanske land og tema; støtta opp om Latin-Amerika-forskningsnettverket NorLARNet; formidla forskingsresultata til offentlegheita; ha overordna fokus på utvikling og fattigdomsreduksjon; og leggja til rette for auka samarbeid mellom forskarar i Noreg og latinamerikanske fagmiljø, herunder også i Brasil.

Det er lagt opp til følgjande tildelingar:

2009:	15 000 000 kroner (overført)
2010:	15 000 000 kroner (overført)
2011:	15 000 000 kroner (overført)
2012:	20 000 000 kroner (overført)
2013:	20 000 000 kroner (overført)
2014:	20 000 000 kroner (overført)
<b>2015:</b>	<b>20 000 000 kroner</b>
2016:	20 000 000 kroner
2017:	20 000 000 kroner.



DET KONGELIGE  
UTENRIKSDEPARTEMENT

Norges forskningsråd  
Postboks 564  
1327 LYSAKER

14/8259 - 29

07.09.2015

**Tillegg til tildelingsbrev for 2015. Økt støtte til DEMO 2000 og NORRUSS, redusert støtte til LATAM, CHINOR og INDNOR.**

Det vises til tildelingsbrev for 2015 fra Utenriksdepartementet til Norges forskningsråd datert 29. januar i år. Det vises videre til dialog med rådet om ytterligere støtte til programmene DEMO 2000 og NORRUSS og om redusert støtte til LATAM, CHINOR og INDNOR.

*1. Økt støtte til NORRUSS og DEMO 2000*

I tillegg til de tilskudd fra budsjettkapittel 118, post 70, som fremgår av nevnte brev, vil departementet i år overføre

- 15 mill. kroner til programmet DEMO 2000, og
- 5 mill. kroner til programmet NORRUSS.

Midlene kommer fra tilskuddsordningen Arktis 2030.

Det er første gang departementet støtter DEMO 2000.

Støtten til NORRUSS er en del av et samlet, ekstra støttebeløp på 20 mill. kroner. Midlene utover ovennevnte 5 mill. kroner, altså 15 mill. kroner, vil bli utbetalt i perioden 2016-2018. Disse midlene forutsetter Stortingets samtykke.

Formålet med Arktis 2030 og en nærmere beskrivelse av støtten til DEMO 2000 og NORRUSS er omtalt i vedlegget.

## *2. Redusert støtte til LATAM, CHINOR og INDNOR*

Som følge av Stortingets behandling av revidert nasjonalbudsjett for 2015, vil støtten over budsjettkapittel 165, post 70, til Latin-Amerika-programmet, Kina-programmet og India-programmet bli til sammen 35 mill. kroner mindre enn det som ble angitt i tildelingsbrevet:

- Latin-Amerika-programmet får 15 mill. kroner i stedet for 20 mill. kroner
- Kina-programmet får 5 mill. kroner i stedet for 20 mill. kroner
- India-programmet får 5 mill. kroner i stedet for 20 mill. kroner.

Departementet vil, avhengig av Stortingets samtykke, søke å kompensere for denne reduksjonen i år ved å forlenge programperiodene og å gi større bevilgninger fra 2016.

## *3. Samlede overføringer i 2015*

Dette medfører at den samlede overføringen fra Utenriksdepartementet til Forskningsrådet i 2015 blir på **92 202 500 kroner**. Utestående beløp vil bli overført samlet om kort tid. Midlene skal benyttes i tråd med vilkårene nevnt i tildelingsbrevet 29. januar, inkludert annet regelverk og retningslinjer beskrevet i brevet.

Med vennlig hilsen

Christian Syse  
assist. utenriksråd

Tore Nedrebø  
fagdirektør

Finansdepartementet	Postboks 8008 Dep	0030	OSLO
Kunnskapsdepartementet	Postboks 8119 Dep	0032	OSLO
Norad - Direktoratet for utviklingssamarbeid v/postmottaket	Postboks 8034 Dep	0030	OSLO

Vedlegg

## Vedlegg

### *Generelt om Arktis 2030*

Utenriksdepartementet lanserte i desember 2014 tilskuddsordningen Arktis 2030 som skal bidra til å realisere prioriteringene i regjeringens nordområdesatsing. Midlene skal bidra til at Norge kan være ledende på kunnskap, være den fremste forvalter av miljøet og naturressursene i nordområdene og bidra til næringsutvikling. Tiltak må være rettet mot minst ett av følgende temaområder: internasjonalt samarbeid, næringsliv, kunnskap, infrastruktur, miljøvern, sikkerhet og beredskap, og klima. Målsettingen er at minst 50 prosent av prosjektene som støttes med midler fra Arktis 2030 skal ledes av eller involvere en nordnorsk aktør.

En ønsker å ha kontakt med Forskningsrådet om utlysningstekster og bli orientert om hvilke prosjekter som får midler fra Arktis 2030, hva slags kunnskap som produseres og hvordan resultatene profileres. Forskningsrådet skal videreformidle informasjon om resultater, nyheter, møteplasser mv. som kan være av interesse for departementets kommunikasjonsarbeid.

### *DEMO 2000*

Forskningsrådets program DEMO 2000 har som formål er å kvalifisere/pilotere ny teknologi som vil bidra til å redusere kostnader, øke effektiviteten og forbedre ytelsene på norsk sokkel.

Utenriksdepartementet og Olje- og energidepartementet har i fellesskap besluttet å støtte programmet med 15 mill. kroner i 2015. Støtten skal gå til en rettet utlysning som skal være i tråd med de allerede opptrukne retningslinjene for programmet gitt av OED og kriteriene i Arktis 2030. Departementene ønsker videre at utlysningen skal rette seg spesielt mot prosjekter hvor formålet er utvikling av teknologi egnet for nordlige farvann og områder, spesielt teknologi som bidrar til mer energieffektiv og miljøvennlig teknologi, som er viktig for utvikling av felt i nordområdene.

### *NORUSS*

NORUSS er et samfunnsvitenskapelig forskningsprogram om Russland og nordområdene/Arktis, der et overordnet mål er å frembringe ny kunnskap på feltet. Utenriksdepartementet gir ekstrabevilgning til to nye utlysninger under programmet NORUSS. Bevilgningen omfatter til sammen 20 mill. kroner til temaene: 1) økt konkurransekraft, innovasjon og utvikling av ny produksjonsteknologi i nordområdene/Arktis (innovasjonsprosjekt), og 2) russisk politikk for de arktiske områdene (forskningsprosjekt). Prosjektperioden vil være 2015 – 2018, med planlagte beløp på 5 mill. kroner årlig. Midlene vil bli fordel likt mellom de to temaene.